

Møtereferat

Dato: 23.02.2018

Emne:	Referat frå møte samarbeidsprosjekt Nordhordland 21.2.18	
Til stades:	Hillevi Runshaug, Kari Bruvik, Kjersti Daland Næss, Rune Nesse, Gurid Helene Espe, Øyvind Oddekalv, Svein M. Nordvik, Heidi Bjønnes Larsen, Anne Sara Svendsen	
Forfall:	Svein Heggheim, Linda Farestveit, Torbjørn Mjelstad, Hege Osebakken (sak 4)	Sak: 2014/10030-121
Møtetid:	1400-1530	Møtestad: Fylkeshuset, 932

Møteleiar: Tor Ivar Sandvik

Referent: Tor Ivar Sandvik

Saksnr.	Tema	21.2.18
1/18	Godkjenning av referat frå møte 1.12.17	Godkjent utan merknader.
2/18	Oppdatering frå idémyldring på Knarvik vgs, 14.2.18 – vegen vidare	<p>Om lag 17 bedrifter deltok på idémyldringa. Stort fråfall. Skulane oppsummerte frå dei seks ulike oppgåvene som blei drøfta på samlinga. Deltakande bedrifter viste engasjement, vilje og positivitet for arbeidet. Oppsummeringar ligg vedlagt. Skulane sender oppsummering frå idémyldringa til bedriftene.</p> <p>Vegen vidare: Anne Sara viste til evalueringsrapport om vekslingsmodell på BA.</p> <p><u>Struktur på alternativ modell:</u> Det blei drøfta om ein skal nytte seg av fleksibilitet i fag- og timefordeling eller om ein skal prøve å løyse ein modell innanfor rammene slik dei ligg i dag. Gruppa er positiv til at ein vel ei «enkel» løysing, så ein unngår å måtte søkje skuleeigar om alternativ fag- og timefordeling, slik at prosjektet held tidsskjema. Lettare å overføre ein modell til andre klassar/utdanningsprogram ved ei «enkel» løysing innanfor rammene.</p> <p>Modellane bør prioritere innhald og kvalitet, samarbeid mellom skule og bedrift, gjennom t.d. FYR-arbeid gjennom program- og fellesfag. Denne opplæringa kan også skje ute i bedrift. Modellane bør inkludere lengre praksisperiodar.</p> <p>Ein av modellane bør starte på Vg1, og med det gå rett inn i fråfallsproblematikk, og adressere elevane sin motivasjon og syn på relevant opplæring.</p> <p>Skulane har ansvar for vurdering, og har betre kompetanse på dette. Bedriftene bør få gode og tydelege vurderingskriterier. Det bør samarbeidast om å lage eit betre vurderingsskjema, der det blei vist til opplegg for</p>

		<p>vurdering av lærlingar. Elevane skriver logg, som også kan sendast til bedrift.</p> <p>Skulane kan gjerne ha forskjellige vinklingar på modellane. Det kan t.d. vere ulike trinn eller fag.</p> <p><u>I bedrift:</u></p> <p>Elevane må følgje normalarbeidstid i bedrift. Viktig for arbeidsopplæringa at dei er med heile dagen. Kan gi kapasitet- og logistikkutfordringar for både elevar og lærarar. Ein modell har også betre overlevingsmogelegeheter om lærar følgjer elevane opp i bedrift. Andre problemstillingar som blei reist var HMS og forsikring for elevar medan dei er ute i praksis.</p> <p><u>Vidare arbeid:</u></p> <p>Skulane arbeider med å utforme alternative modellar. Velje trinn og lærarar som skal prøve ut. Fordele ansvar, tenkje økonomi og timeplan. Bedriftene må forpliktast etterkvart som modellar blir meir konkretiserte. Skulane har møte med bedriftene kvar for seg.</p> <p>Det er viktig at årstimetal for elevane blir oppfylt og at ein legg til rette årsramma for lærarane. Hillevi viste då til rutinar i Kvalitetsportalen.</p>						
3/18	Oppdatering frå Erasmus+-prosjekt, 1.-2.2.18	<p>Hillevi oppsummerte kort frå besøk. Det var stor interesse for korleis skulane arbeider. Samarbeidspartnerar satt igjen med positivt inntrykk og mykje lærdom. Gjestane fekk gode inntrykk av betydning av regionsenterutvikling og yrkesfagopplæring.</p> <p>Ved besøk hos partnerane i prosjektet, er det ønskjeleg med deltakarar både frå Knarvik vgs og Austrheim vgs.</p>						
4/18	Presentasjon av arbeidet med samarbeidsavtalar	Sak gjekk ut.						
5/18	Politisk sak om å auke talet på lærepllassar	Anne Sara presenterte handlingsplan for å auke tal på lærepllassar. Ligg med som vedlegg.						
6/18	Eventuelt	<table border="1"> <tr> <td>Læreplassgaranti</td> <td>Nordhordland Næringslag tok opp sak om læreplassgaranti. Kort diskusjon om kva dette inneber, kven som stiller garanti og kven som sit med ansvaret om elev ikkje får læreplass.</td> </tr> <tr> <td>Kunnskapsgrunnlag, framtidig kompetansebehov</td> <td>Næringslaget viste også til søknad dei har inne til regionalavdelinga om midlar til å framskaffe kunnskapsgrunnlag for fagtilbod, og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland.</td> </tr> <tr> <td>Neste møte</td> <td>Neste møte er 31. mai, på Austrheim vgs.</td> </tr> </table>	Læreplassgaranti	Nordhordland Næringslag tok opp sak om læreplassgaranti. Kort diskusjon om kva dette inneber, kven som stiller garanti og kven som sit med ansvaret om elev ikkje får læreplass.	Kunnskapsgrunnlag, framtidig kompetansebehov	Næringslaget viste også til søknad dei har inne til regionalavdelinga om midlar til å framskaffe kunnskapsgrunnlag for fagtilbod, og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland.	Neste møte	Neste møte er 31. mai, på Austrheim vgs.
Læreplassgaranti	Nordhordland Næringslag tok opp sak om læreplassgaranti. Kort diskusjon om kva dette inneber, kven som stiller garanti og kven som sit med ansvaret om elev ikkje får læreplass.							
Kunnskapsgrunnlag, framtidig kompetansebehov	Næringslaget viste også til søknad dei har inne til regionalavdelinga om midlar til å framskaffe kunnskapsgrunnlag for fagtilbod, og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland.							
Neste møte	Neste møte er 31. mai, på Austrheim vgs.							